

Anne G. Waage  
Våkleiven 22  
5155 BØNES

28.05.2018

Fylkeskonservatoren i Sogn og Fjordane

Ikkje offentleg.

**132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon. Orientering om vedtak. Klage. –Fornfunn og kulturminner m.m.**

Sjå NVE sitt brev datert 09.05.2018. Sjå også NVE sine brev av 10.05.2017, ref.: 201502028-71, og 23.02.2016, ref.: 201502028-44, arkiv: 611 og mine svar datert 17.04.2016, 20.06.2017 og 21.06.2017 med kopi til dykk. Viser også til telefonsamtale med Eva Moberg 25.5.2018.

Viser også til mitt brev til dykk 18.06.2015 om NY NETTILKNYTNING, DALSBOTNFJELLET VINDKRAFTVERK KONSESJONSSØKNAD OG KONSEKVENSTREDNING – HØYRINGSUTTALE - POSTVEG FRÅ BERGEN TIL TRONDHEIM PÅ 1600-TALET - GAMLE VEGFAR I GULEN OG MASFJORDEN – STØLSMINNER – FORNMINNER – KULTURMINNER M.M.

NVE har gitt Zephyr AS konsesjon for bygging og drift av ein ny ca. 19 km lang kraftleidning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen til Frøyset i Masfjorden. Gulen kommune har påklaga den gitte konsesjonen til Dalsbotn vindkraftverk.

Det er i denne saka som i mange andre liknande saker store manglar i måten opplysningar om fornminner m.m. blir samla inn. Heile området som blir berørt av vindkraftutbygginga og utbygging av kraftleidningen bør bli sett på under eitt.

Her legg eg også vekt på moglege nærleik til Gulatinget, og også at sjølve vindmøllene vil bli synlege i store delar av Sognefjorden og fjella rundt.

Det ser ikkje ut som lett tilgjengelege kjelder som bygdebøker og Per Fett sine hefter med Førhistoriske minner i Sogn og Hordaland er brukt som kjeldegrunnlag. (I bygdebøkene for Gulen, Gulen i gammal og ny tid av Ivar Kleiva, er opplysningane i Per Fett sine hefter om fornfunn med.) Heller ikkje ser det ut til at lett tilgjengelege opplysningar frå Dokumentasjonsprosjektet Bergen Museum på [www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no) Bergen Museum – arkeologisk hovedkatalog er brukt. Dette til tross for at eg har sendt inn opplysningar om funn frå området rundt Austgulfjorden som er omtala i denne kjelda. Det er rett at funna/gravene ikkje er oppførte i Riksantikvaren si liste, men funna av desse gravene/gravhaugane er viktige og burde etter mitt syn vore oppførte der. Det har vore arkeologar på Hantveit og Nedre Opdal, og truleg også i Austgulen. Så sjølv om desse gravene er borte no, kan det vere fleire graver i området. Og desse funna fortel litt om den historiske verdien av området.